



Finansdepartementet

Dato
20.12.2019

NOU 2019:16 Skattlegging av vasskraftverk - fråsegn

Sogn regionråd er samarbeidsorgan for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal, Vik og Årdal.

Sogn regionråd går imot utvalet sitt forslag om å avvikle dei konsesjonsbaserte ordningane med konsesjonsavgift og konsesjonskraft, samt å endre eigedomsskatten.

Kommunane i Sogn regionråd er vertskap for mange store kraftverk, og kraftskatteutvalet sine forslag vil derfor ha dramatiske konsekvensar for regionen.

I 2018 mottok kommunane i regionen omlag 490,5 MNOK i årlege inntekter frå kraftverka.

	2019	2018
	MNOK	MNOK
Konsesjonsavgifter	79,2	73,0
Netto inntekter fra konsesjon	92,7	81,8
Eigedomsskatt	200,4	206,5
Naturressursskatt	127,4	129,2
	499,7	490,5

For 2019 vil inntektene auka til omlag 499,7 MNOK grunna aukande straumprisar.

Kommunane i regionen har i 2019 budsjettert med brutto driftsinntekter på 3 371,9 MNOK. Inntekter frå kraftproduksjon utgjør med andre ord over 15% av inntektene til kommunane i regionen. For fleire av kommunane vesentleg meir. Ev. bortfall av desse inntektene kan føra til nedskjering av meir enn 800 årsverk i Sognekommunane, og vil ha store negative konsekvensar for tenesteproduksjon og samfunns- og næringsstruktur i kommunane. Tap av arbeidsplassar og ytterlegare sentralisering er uunngåeleg.

Regionrådet sine innvendingar mot utvalet sitt forslag kan oppsummerast slik:

- Utvalet svarer ikkje på mandatet. I mandatet framgår at utvalet si hovudoppgåve var å vurdere om dagens skattlegging av vasskrafta hindrar at samfunnsøkonomisk lønsame tiltak vert gjennomførde. Kraftverka har peika på at det er den innretninga grunnrenteskatten har fått som er problemet, ikkje dei kommunale ordningane.
- Konsesjonskraft og konsesjonsavgifter:
Utvalet sitt forslag om å avvikle ordningane med konsesjonsavgift og konsesjonskraft vil vere eit brot på samfunnskontrakten som ligg til grunn for utbyggingane i kommunane, og som kommunane sitt samtykke til dei ulike utbyggingane var basert på. Forslaget er også i strid med Grunnloven § 97 om at lov ikkje kan gjevast tilbakevirkande kraft. Konsesjonsvilkåra som gir kommunane rett til ein andel av verdiskapinga må vare like lenge som konsesjonen.

- Eigedomsskatt:

Utvalet sitt forslag om at eigedomsskatten skal baserast på *skattemessig verdi* er i strid med eigedomsskattelova sin hovudregel i eigedomsskattelova § 8 A-2 om at eigedomsskatten skal tilsvare anlegget sin *omsetningsverdi*. Eigedomsskatt basert på skattemessig verdi vil føre til at eigedomsskatten blir størst i dei første åra etter at investeringa blir gjennomført, medan skatten vert lågare når lønsemda aukar. Utvalet viser til uttalar om at for gamle kraftverk kan eigedomsskattegrunnlaget gå mot null.

Forslaget frå utvalet, som vil føre til høg skatt dei første åra etter at ein har gjort investeringane, vil etter vårt syn ikkje utløyse nye investeringar og svarer følgeleg ikkje på mandatet.

Kompensasjon av lovbestemte ordningar gjennom andre ordningar er ueigna. Kraftskatteutvalet foreslår ingen kompensasjon for kommunane sitt milliardtap. Kraftskatteutvalet skriv på side 158:

«For å illustrere et ytterpunkt for fordeling har utvalget sett på en full omfordeling av provenyeffekten mellom stat, kommuner og fylkeskommuner via naturressursskatten. Det understrekes at dette bare er en illustrasjon og ikke et forslag fra utvalget.» (understreka her)

Utvalet foreslår m.a.o. ikkje sjølv nokon kompensasjon til vertskommunane for inntektsreduksjonen på 3,66 milliardar kroner kvart år. Utvalet omtaler imidlertid moglege omfordelingsalternativ, eksempelvis at «*en ønsket fordeling kan oppnås ved egne ordninger for omfordeling, enten gjennom naturressursskatten eller gjennom direkte inntektsfordeling*».

Sogn regionråd vil peike på at vidare vasskraftutbygging er avhengig av lokal aksept. Etter dagens kraftskatteregime vil kommunane ha eit konsesjonsfesta og lovfesta krav på ein del av den verdiskapning som ei kraftutbygging gir grunnlag for. Utan lokale inntekter vil det oppstå motstand mot å foreta rehabilitering av eksisterande anlegg og ny vasskraftkraftutbygging. Den sterke lokale motstanden mot planane for vindkraft, som i liten grad gir noko tilbake til lokalsamfunnet, illustrerer dette på ein god måte.

Sogn regionråd viser til fråsegner frå kommunane i regionen og frå LVK som rådet sluttar seg til.

Med helsing

Ivar Kvalen
leiar i Sogn regionråd

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift